

Lærdal energi
Sølvi Lagmannsås
solvi@laerdalenergi.no

Dykkar ref

Vår ref
200604252-/PGUFJS

Dato
23.10.2006

Sal av straum – skifte av leverandør - Angrerett

Vi viser til e-post frå dykk datert 20. september 2006.

Spørsmålet i saka er bl.a. om angrerettloven gjeld netthandel med straum. Konkurransetilsynet presenterar kraftleverandøren på sine heimsider. I tillegg har Lærdal energi eigne heimesider, som bl.a. har ein lenkje til bestillingsskjema.

Departementet uttalar seg om spørsmåla i e-posten på generelt grunnlag. Det er Forbrukertvistvalget og domstolane som kan tolke angrerettloven med bindande verknad.

Angrerett på tenester

Lov 21. desember 2000 om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg utenfor fast utsalgssted (angrerettloven) gjeld ved sal av varer og tenester til forbrukarar, når seljaren eller tenesteytaren opptrer i næringsverksemd og avtala blir inngått ved fjernsal eller sal utanom fast utsalgsstad, jf. § 1.

Levering av straum blir sett på som ei teneste etter angrerettloven, jf. Ot.prp. nr. 36 (1999-2000) kapittel 3.3.4 side 27.

Fjernkommunikasjon

I § 6 første ledd bokstav a) er fjernsal definert slik:

”Salg der forberedelse og inngåelse av en avtale skjer utelukkende ved bruk av fjernkommunikasjon, forutsatt at selgeren eller tjenesteyteren i sin markedsføring tilbyr eller oppfordrer til inngåelse av avtaler på denne måten.”

For at det skal vere fjernsal må avtalen for det første vere førebudd og inngått utelukkande ved å nytte fjernkommunikasjon. Fjernkommunikasjon er definert i bokstav b), og omfattar kommunikasjon ved bruk av til dømes telefaks, Internett og telefon.

For det anna er det eit vilkår at seljaren eller tenesteytaren gjennom marknadsføring generelt til forbrukar gjev tilbod om inngåing av avtaler ved bruk av fjernkommunikasjon. Seljaren kan oppfordre til slik avtaleinngåing direkte, eller ved at marknadsføringa er eigna til å framkalle bestillingar på denne måten. Typisk marknadsføring vil være ein presentasjon av seljaren og vareutvalet på Internett, kombinert med høve til elektronisk bestilling.

På den andre sida vil tilfelle der ein næringsdrivande berre foretar annonsering av verksemda si eller bestemte ytingar ved bruk av til dømes fjernsynsreklame, tekst-tv, heimesider på Internett og liknande ikkje vere omfatta, med mindre marknadsføringa ikkje inneheld ein uttrykkeleg oppfordring til å inngå avtale ved fjernkommunikasjon.

Departementet legg vekt på at Lærdal energi har eigne heimesider, med bl.a. ein lenkje til bestillingsskjema. I tillegg kjem det opp på Konkurransetilsynet si heimeside ein presentasjon av leverandøren av straum med høve til å kjøpe straum frå han elektronisk eller ved post. Dette gjer at departementet antar at ordninga kjem inn under § 6 første ledd bokstav a) i angrerettloven.

Gjennomføring av angreretten etc.

Forbrukaren har rett til å gå frå avtalen (angrerett) ved i gje melding til tenesteytaren innan 14 dagar etter at dei lovpålagte opplysningane er mottekne på riktig måte, jf. § 18. Ved fjernsal går fristen uansett ut seinast 3 månader at avtalen er inngått eller etter 1 år dersom opplysning om angrerett ikkje er gitt.

Utgangspunktet er at forbrukaren skal haldast skadelaus når han/ho nytter angreretten.

Ved anna fjernsal enn telefonsal kan det likevel avtalast at tenesta skal starte før angrefristen er gått ut, med den verknad at forbrukaren ved å nytte angreretten skal betale for den delen av tenesta som er utført og for brukte materialar. Slik påbegynning skal avtalast særskilt.

Dersom forbrukaren har betalt vederlag på førehand for tenesta og eventuelle andre kostnader, skal forbrukaren få tilbake det han har betalt.

Dersom det er ønskjeleg med meir informasjon kan de ta kontakt med departementet.

Med helsing

Hilde Merethe Berg (e.f.)

Petter Gluva